



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
06/2017	Valstyret	PS	03.04.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 011	17/372

STORTINGSVALET 2017 - DELEGERING AV MYNDE FRÅ VALSTYRET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valstyret oppnemner eit arbeidsutval på 2 medlemmer (leiar og 1 medlem som valstyret peikar ut) + sekretæren i valstyret som kan ta avgjerd i enkeltsaker og saker som ikkje er av prinsipiell karakter, jfr. kommunelova § 10 nr 4.

Valstyret - Sak 06/2017

VAL - Behandling:

Valstyret peika ut varaordførar, i tillegg til ordførar og sekretær, i arbeidsutvalet.

VAL - Vedtak:

Valstyret oppnemner eit arbeidsutval på 2 medlemmer (leiar og nestleiar) + sekretæren i valstyret som kan ta avgjerd i enkeltsaker og saker som ikkje er av prinsipiell karakter, jfr. kommunelova § 10 nr 4.

Saksopplysningar:

Etter kommunelova § 10 nr. 4 og § 23 nr. 4 har valstyret høve til å delegere avgjerdsrett i enkeltsaker til leiaren for valstyret, eit arbeidsutval eller administrasjonssjefen. Høvet til å delegere omfattar enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

I samband med førebuingane til stortingsvalet 2017 kan det oppstå saker som krev rask handsaming. For å sleppe å kalle inn heile valstyret på kort varsel, kan det vere hensiktsmessig å oppnemne eit fast arbeidsutval.

Konkrete enkeltsaker kan delegerast. I tillegg er det gjeve høve til delegering i "typer av saker som ikkje er av prinsipiell betydning". Det er ikkje høve til å delegere generell avgjerdsrett i saker som må reknast for å vere av prinsipiell karakter.

Saker som er av reint praktisk art, vil sjeldan ha prinsipiell karakter. Dette vil typisk vere gjeremål som å setje opp manntal, leggje det ut til allment ettersyn, kunngjeringar, lage lister over klagar, gje meldingar til veljarar og kandidatar, trykking av røystesettlar og liknande. Prøving og godkjenning av

kurante førehandsrøyster er ikkje av prinsipiell karakter og kan såleis delegerast. Men leiaren kan ikkje utføre denne oppgåva aleine, jfr. § 35 i valforskrifta som seier at det må vere minst 2 personar ved opning av røystegjevingar.

Styringsmakt som typisk vil vere av prinsipiell karakter, og som dermed ikkje kan delegerast, er til dømes å ta avgjerder om listeframlegg og tilbakekalling av listeframlegg skal godkjennast, og forkasting av røyster.